

Inkludering og læring for nyankomne minoritetsspråklege elevar

Av

Daniel Bauge



Høgskulen på Vestlandet

Bacheloroppgåve i GLU1-7

GBPEL312

Høgskulen på vestlandet / Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett /
Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

03.06.2019

Kandidatnummer: 226

Antall ord: 8114

Innholdsfortegnelse

Abstrakt	3
Leserveiledning	3
1. Innleiing	3
1.1 Avgrensing	4
1.2 Begrepsavklaring	4
1.2.1 Inkludering	4
1.2.1 Opplæringslova § 1-3	5
2. Teori	5
2.1 Ulike metodar	6
2.1.1 Innføringsklassar	6
2.1.2 Kommunikasjon	7
2.1.3 Morsmålsundervisning	7
2.1.4 Skule-heim	8
2.1.5 Tospråkleg opplæring	9
3. Metode	9
3.1 Gjennomføring av intervju	10
3.2 Reliabilitet	12
3.3 Validitet	12
4. Analyse og presentasjon av metode	12
4.1 L	13
4.2 A	15
4.3 Vurdering av metode	16
5. Drøfting	17
5.1 Innføringsklassar og innføringsskular	17
5.2 Kommunikasjon	19
5.3 Morsmålsundervisning	20
5.4 Skule- heim samarbeid	21
5.5 Tospråkleg opplæring	22
6. Avslutning	23
Litteraturliste	25
Vedlegg 1	27
Intervjuguide	27
Vedlegg 2	29
Samtykkjeerklæring	29
Vedlegg 3	32
Godkjenning av NSD (Norsk senter for forskningsdata AS)	32

Abstrakt

Here follows a brief summary of my research, methods and its background. This study is a qualitative investigation of how teachers and the people in the administration on the school see the children with minority language. To gather information for my research, I interviewed one teacher and one who worked in the administration. I would like to know what the first measures is, when a new child who speak the minority language comes to the school.

Before the interviews, I sent in my questions to the people I would interview, so they could prepare them selves. I categorized the questions in two series, methods and experience. After the interviews were conducted, the findings were analyzed and interpreted. I used my findings to discuss my theme about how to learn children with minority language the majority language, and how to include them in the new school. To discuss my findings I used earlier science on the field.

Leserveiledning

I dette prosjektet vil eg undersøkje korleis ein skal inkludere nyankomne minoritetsspråklege elevar inn i skulen, og korleis ein skal legge til grunn for å lære norsk. Teksten startar med begrepsavklaring der nokre begrep blir forklart. Vidare blir det presentert teori om ulike metodar og moglegheiter ein har for å styrke inkluderinga og læringa til den nyankomne minoritetsspråklege eleven. Etter at teorien har blitt presentert vil eg starte med metoden. Det vil her bli fortalt kva slags metode som er brukt, og kvifor denne metoden er brukt. Vidare vil presentasjon og analyse av intervjuet komme. Når intervjuet har blitt presentert vil eg drøfte det informantane mine seier opp mot teorien. Her vil eg drøfte korleis dei ulike metodane fungerer til sitt føremål ut i frå det informantane mine seier, og det tidlegare forskning seier i lys av min eigen tolking. Til slutt kjem det ein avslutning med konklusjon og oppsummering av prosjektet.

1. Innleiing

Nyankomne minoritetsspråklege elever er ein gruppe som er svært forskjellig. Elevane kjem frå ulike land, med ulike morsmål og ulike språk som ein tidlegare har fått opplæring i. Nokre av elevane er nyankomne i landet, og nokre har kanskje vore i landet i ein lenger periode og har nokre erfaringar med å tileigne seg norskspråklege ferdigheiter (Hilt, 2018). Med ein så forskjelligarta gruppe, støter ein på fleire utfordringar og fleire moglegheiter. Elevar er individuelle, og lærer best på ulike måter. Likevel er det mange metodar som blir tatt i bruk for å lære nyankomne minoritetsspråklege elevar språket, og inkludere dei i skulen.

Problemstillinga mi i dette prosjektet er; korleis skal ein inkludere nyankomne minoritetsspråklege elevar i skulen, og best mogleg legge til rette for å lære seg norsk? Eg vil sjå på ulike metodar som blir tatt i bruk for å lære elevane norsk, og bli inkludert. Dette gjer eg gjennom å intervjuje ein lærar og avdelingsleder, og studere tidlegare forskning på feltet.

1.1 Avgrensing

For å drøfte problemstillinga mi har eg tatt utgangspunkt i tre hovedkilder, lærarens og avdelingsledernes erfaringar, forskning og teori, og sentrale styringsdokument. I lys av erfaringane til lærar og avdelingsleder vil fokusere på metodar som skulen og den enkelte lærar set i verk for å inkludere den nyankomne minoritetsspråklege eleven. Også metodar for å lære eleven majoritetsspråket vil vere vesentleg. Det kjem også fram problematiske sider, som vil bli lagt til grunn i analysen og drøftinga. I teorien har eg fokusert på fem ulike metodar som skulen har for å lære eleven majoritetsspråket og for å inkludere eleven. Desse metodane blir lagt vekt på av informantane, og vil bli drøfta i oppgåva. Under styringsdokument ser eg for det aller meste på opplæringslova og den nye generelle læreplanen om korleis ein skal legge til rette for tilpassa opplæring og inkludering.

1.2 Begrepsavklaring

1.2.1 Inkludering

I den nye generelle læreplanen er inkludering eit viktig punkt. Den seier at skulen skal utvikle inkluderande fellesskap som fremmer helse, trivsel og læring for alle (Udir, 2017). Inkludering inneberer at alle skal ha ein tilhørlegheit til klassen, og ta del i fellesskapet på skulen. Tilpassa opplæring skal ivareta prinsippet om inkludering. Det skal vere ein likeverdig opplæring. Det betyr ikkje at alle skal behandlast likt, men ut i frå dei behova ein har. Skulen skal danne eit fellesskap mellom elevane uavhengig av kjønn, sosial bakgrunn og forutsetningar og evner (Udir, 2015).

1.2.1 Opplæringslova § 1-3

Tilpassa opplæring er eit av dei grunnleggande prinsippa i norsk skule. I opplæringslova §1-3 står det; ” Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lære kandidat. (Opplæringslova, 2009, §1-3). Dette betyr at alle elevar har rett på tilpassa opplæring, uansett kjønn, etnisitet eller forutsetningar. Dette legger til grunn for at ein må ha tiltak på plass for at opplæringa til den nyankomne minoritetsspråklege eleven blir tilpassa eleven sine føresetnader. Fleire tiltak som vil fremme inkludering og tilpassa opplæring vil no bli presentert i kapittel 2.

2. Teori

Elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn utgjer om lag 7% av elevane i grunnskulen i Norge. Det utgjer om lag 40 000 elevar (Bakken, A, 2003, side 4). Når eit barn er minoritetsspråkleg vil det sei at dei har vokst opp med eit anna språk enn norsk, og må lære seg norsk som sitt andrespråk (Bakken, A. 2007, side 11). Det er fleire ulike metodar og tilnærmingar ein har i forhold til å lære vekk eit andrespråk.

For at minoritetsspråklege elevar skal kunne lære seg eit nytt språk, altså eit andrespråk, er kommunikasjon særskild fundamentalt. Elevane må snakke med både medelevar og lærarar, og danne seg eit kvardagsspråk. Det er ein stor samanheng mellom språklæring og den sosiale samanhengen. Dei fleste elevar lærer seg kvardagsspråket relativt raskt, men fagspråk er derimot vanskelegare. Elevane må utvikle kvardagsspråket til å ta inn fagbegreper og bruke det til å tenkje abstrakt. Når desse elevane skal lære seg fagspråk, må dette vere ein vidarebygging av

kvardagsspåket. Det er derfor viktig at eleven har eit godt munnleg kvardagsspråk i bunn (Utdanningsdirektoratet, 2015).

2.1 Ulike metodar

2.1.1 Innføringsklassar

I 2012 kom organiseringa av innføringstilbod for nyankomne minoritetsspråklege elevar. Dette er eit tilbod som skal sikre at nyankomne minoritetsspråklege elevar lærer seg grunnleggande norsk. Når ein er ferdig med dette tilbodet, er tanken at eleven skal kunne gå rett inn i ordinær undervisning. Ein skil mellom tre ulike modellar for innføringstilboda:

- “1. Delvis integrert tilbod Elevene har tilhørighet i ordinær klasse, men deler av opplæringen gis i egne grupper
2. Innføringsklasser Elevene går i egne klasser ved ordinære skoler
3. Innføringsskoler Elevene går på egne skoler” (Udir, 2013)

Denne organiseringa kjem som eit unntak til lova sitt prinsipp om at varig organisatorisk differensiering. Det vil sei tilpassa opplæring der eleven blir avskilt frå resten av den ordinære klassen. I innføringsskular skal nyankomne minoritetsspråklige elevar få ein særskilt og intensiv innføring i norsk inntil eit år. I nokre tilfelle kan det vare opp til 2 år, men hovudregelen er at dette skal vare i eit år (Hilt, 2018).

Innføringstilbodet skal i utgangspunktet ikkje brukast på elevar på 1. Og 2. Trinn, ettersom ein har ein tanke om at desse lærer best gjennom å snakke og sosialisere seg med andre majoritetsspråklege elevar. Utdanningsdirektoratet presiserer at innføringstilbodet skal ivareta inkludering og læring. Det står; ”Tilbudet skal ivareta individuelle behov og rettigheter for den enkelte elev, og organiseringen og innholdet i opplæringen må sikre inkludering og et godt læringsmiljø”(Udir, 2012 ,side 3).

Utdanningsdirektoratet anbefaler innføringsklasser og innføringsgrupper i staden for innføringsskular. Dette er fordi at dersom ein har innføringsklasser og grupper på ordinære skular, blir dei nyankomne minoritetsspråklege elevane satt på ein skule blant norskspråklege elevar (Hilt, 2018). Det kan hjelpe med at elevane får møte

norskspråklege elevar i friminutta, og lærer norsk gjennom å leike og samhalde med dei. Også når ein er ferdig i innføringsklassen går ein over til ein ordinær klasse på same skule. Då er elevane kjend med både skulen og kulturen på skulen. Det ville vore annleis dersom eleven hadde gått på ein innføringsskule og skulle komme til ein heilt ny skule etter eit år.

2.1.2 Kommunikasjon

For at ein nyankomen minoritetsspråkleg elev skal lære seg eit nytt andrespråk, er det vesentleg å bruke språket, for å lære språket. I følgje psykologen Lev Vygotskij lærer barn språk gjennom å bruke det (Demaku, 2018). I ein skulesamanheng vil det seie at eleven må få moglegheitene til å vere med andre elevar, og kommunisere med dei. Også kommunikasjonen mellom ein voksen på skulen og eleven er avgjerande. Då kan også den vaksne bruke mange høgfrekvente ord, som den minoritetsspråklege eleven har god bruk for.

Vygotskij skilte mellom to ulike former for språk, spontane begrep og akademiske begrep. Spontane begrep dekkjer ordbruksforråd og kjende uttrykksformer. Dette er ord som ein bruker i kvardagen, og i kjende uformelle settingar (Demaku, 2018). Ord som det lærer ein i sosiale samhandlingar med andre menneske. Den andre formen, akademiske begrep, består av nye begrep, nye formuleringar og uttrykk. Slike ord finn ein i lærebøker, faglige diskusjonar og skiftlige akademiske framstillingar (Demaku, 2018).

Kamil Øzerk er ein tyrkisk-norsk pedagog, og professor i pedagogikk ved universitetet i Oslo. Han hevder at når minoritetsspråklege elevar får vere saman med andre norskspråklege barn i forskjellige aktivitetar, så fører det til læring av spontane begrep. Utan denne sosiale samhandlinga og stimulien, vil det vere vanskelig å sjå for seg at barnet klarer å få ein språkleg utvikling. Denne språklege utviklinga av dei spontane begrepa er avgjerande for å kunne kommunisere, og vil igjen vere eit utslagsgivande fundament når eleven igjen skal lære seg dei akademiske begrepa (Demaku, 2018).

2.1.3 Morsmålsundervisning

I norsk grunnskule får 3,6 prosent av alle elevar morsmålsundervisning (Hofslundsengen, 2011). Eit tiltak som er blir mykje brukt i skulen for minoritetsspråklege elevar er morsmålundervisning. Her får elevane undervisning for å arbeide vidare med morsmålet sitt. Det har vore fleire større og mindre undersøkjelsar på kva utbytte minoritetsspråklege elevar får av denne undervisninga. Konklusjonen frå dei større undersøkjelsane er at ein ikkje ser ein merkbar positiv verking på elevane sine språklege eller faglege utvikling. Det undersøkjelsane derimot viste var at morsmålsundervisning ikkje går på bekostning av minoritets eleven sin norskspråklege ferdigheiter eller skuleprestasjonar (Bakken, A. 2007, s. 8).

Morsmålsundervisning blir støtta av forskerar spesielt gjennom det faktum at gjennom å ha eit godt og velutvikla morsmål, er det lettare for eleven å lære seg eit andrespråk. Når eleven har eit bredt ordforråd på morsmålet sitt, klarer ein å lære seg nye ord og begrep gjennom å vite kva det betyr på sitt eige morsmål (Bakken, 2003, s. 5). Spesielt når ein skal lære seg nye, akademiske begrep vil dette vere lettare for eleven å lære seg om ein kan begrepa på morsmålet sitt.

Sjølv om fleire undersøkjelsar ikkje klarer å sjå ein merkbar positiv verknad på den språklege og faglege utviklinga til eleven, er det brei einigheit blant forskarar at morsmålundervisning har fleire positive innverknader enn negative. Skal ein alikevel sjå på argumenta mot morsmålsundervisning, så peikar Bakken på argumentet om språkforvirring. Det går på at dei unge elevane må forholde seg til så mange ulike språk på ein gong. Dette kan føre til språkforvirring, og gjere at eleven ikkje utviklar sitt eige morsmål eller majoritetsspråket slik det er tenkt (Bakken, A, 2003, s. 19).

2.1.4 Skule-heim

”Undersøkjelsar viser at minoritets elever flest er positivt innstilt til skolen, og at både foreldrene og elevene selv har høye utdanningsambisjoner”(Udir, 2015). Samarbeidet mellom foreldra til den nyankomne minoritetsspråklege eleven og skulen er svært viktig. Kjem foreldra frå eit anna land enn Norge, kan dei heller ikkje norsk, og samarbeidet mellom skule og heim blir vanskelig. Når minoritetsspråklege elevar skal bli integrert inn i ein klasse, er foreldra sin støtte viktig. Det er og utslagsgivande om foreldra til eleven får informasjon om kva som skjer på skulen, og kva ein skal øve seg

på. Kan ikkje foreldra norsk blir dette vanskeleg, og det blir vanskeleg for elevane å få hjelp heime. I denne problematikken er det heller ikkje lett for lærarane å fortelje foreldra på eventuelle elevkonferansar kva ein skal jobbe vidare med. Språket er rett og slett ein stor sperre. For å få prøve å unngå problematikken med språket når ein har møter, er bruk av tolk ein fin moglegheit. Då vil begge partar kunne forstå kvarandre, og ein kan komme med sine innspel. Det er viktig å få fram til foreldra til den minoritetsspråklege eleven, at dei er ein viktig faktor for elevens trivsel og læring på skulen (Udir, 2015).

2.1.5 Tospråkleg opplæring

Tospråkleg opplæring er ein fellesbetegnelse for undervisning som bruker både majoritetsspråket og minoritetsspråket. Kamil Øzerk definerar tospråkleg opplæring som ein måte å organisere opplæringa for eleven i og på to språk (Øzerk, 2003). I ein tospråkleg opplæring blir både morsmålet og majoritetsspråket tatt i bruk som ein reiskap for å tileigne seg fagleg kunnskap. Tospråkleg opplæring er eit viktig reiskap for å tilpasse opplæringa for den enkelte elev (Bjelland, 2005). Det gjer at eleven blir sikra i å lære gjennom å få undervisning på sitt eige morsmål, og i majoritetsspråket.

Tospråkleg opplæring skal vere ein form for tilpassa opplæring, og legge til grunn for fagleg læring for eleven og hjelpe eleven i å bli betre i både majoritetsspråket og minoritetsspråket. Det blir peika på at tospråklege elevar har ein moglegheit til å samanlikne og sjå samanhengar i strukturar mellom dei to ulike språka ein får opplæring i. Dette kan føre til både positive og negative verknader på innlæring av majoritetsspråket. "Dersom de to språkene er like og deler strukturelle trekk, kan ferdigheter fra morsmålet ha positiv innvirkning på andrespråksferdigheter. Dersom de er ulike, kan morsmålsferdigheter virke negativt inn på læringen av andrespråket" (Melby-Lervåg & Lervåg 2011, s. 332).

3. Metode

Det finst både kvalitative og kvantitative metodar. Kvalitative metodar gjer oss meiningar om kva ein tenkjer eller trur om ei sak. Ein kan altså ikkje måle eller sette tall på

kvalitative metodar. Ut i frå min problemstilling var ein kvalitativ framgangsmåte den mest hensiktsmessige metoden. Eg var interessert i å høyre synspunkta på kva metodar lærarar brukar, og kva slags rolle administrasjonen på skulen har. For å få eit svar på dette, var eit intervju metoden eg valte. Gjennom å bruke intervju får informantane større friheit til å kunne uttrykkje seg (Christoffersen & Johannessen, 2012, s.78). Gjennom å bruke kvalitativt forskingsintervju prøver ein å sjå verden frå intervjuobjektet si side. Ein får fram folk si erfaring og ein får høyre deira opplevingar angående ei sak. Ein intervjuerperson er ein person i eit forskingsintervju som er delaktiv i å skape ein meining og forståelse av eit bestemt emne (Brinkmann & Kvale, 2015, side 20). "Det kvalitative forskningsintervju søker kvalitativ kunnskap uttrykt i normalt språk. Målet er ikke kvantifisering. Intervjuet sikter mot nyanserte beskrivelser av den intervjuedes livsverden gjennom ord og ikke tall" (Brinkmann & Kvale, 2015, s. 47) Ein får altså beskrivingar om eit fenomen, ut i frå intervjuobjektet sitt synspunkt, på ein måte som ikkje kan målast, men heller undersøkjast. Kvalitative forskingsintervju kan ikkje generaliserast, ein må heller intervju fleire og sjå om det er samsvar og drøfte det opp mot tidlegare forskning.

På prakisskulen min er det mange elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn. Eg bestemte meg for å henvende meg til ein lærar og rektor på skulen for å intervju dei om metodane, og retningslinjene dei har på skulen. Då eg henvedte meg til rektor for å spørje om eg kunne intervju ho, anbefalte ho meg å høyre med avdelingsledaren på skulen i staden. Avdelingslederen var ein del av noko som heiter migrasjonspedagogisk team. Rektoren på skulen meinte at ho hadde betre kunnskap og erfaring med dette temaet, så eg henvendte meg til ho i staden. Etter mi erfaring frå trinnet eg hadde vore i prakisk på, visste eg at det var mange minoritetsspråklege elevar der. Eg hadde også høyrte tidlegare frå prakislæraren min at ho hadde hatt fleire nyankomne minoritetsspråklege elevar på henna trinn. Eg intervjuar derfor ho ettersom eg visste at ho hadde mykje erfaring innanfor dette temaet. Eg ville gjennom intervjuar høyre på deira erfaringar med nyankomne minoritetsspråklege elevar. Kva er dei første tiltaka ein set i gang, og korleis jobbar ein seg vidare.

3.1 Gjennomføring av intervju

Då eg byrja i praksis hadde eg allereie tatt kontakt med lærar og avdelingsleder på e-post på førehand, og avtalt at vi kunne gjennomføre intervju i løpet av praksisperioden min. Eg sendte med intervjuoguiden min (vedlegg 1), der spørsmåla mine stod. Der står det også generell informasjon om intervjuet, og at det er til bacheloroppgåva mi. Eg sendte også med samtykkjærklæring som sikrar intervjuobjekta sitt personvern (vedlegg 2). Ein skal garantere anonymitet for informantane, og informere om at ein når som helst kan trekkje seg. Til slutt skal ein antyde kor lenge intervjuet kjem til å vare (Christoffersen & Johannessen, 2012, s.80). Eg delte spørsmåla mine inn i to kategoriar, erfaringar og metode. Spørsmåla til lærar og avdelingsleder er for det meste lik, ettersom eg tenkte at det er spennande å høyre kva dei seier om nokre felt som kanskje ikkje er det dei held på med til vanleg. Altså kva læraren tenkjer om det administrative med tanke på ein nyankomen minoritetsspråkleg elev, og kva avdelingslederen tenkjer om metodane som faktisk blir brukt i klasserommet. Intervjuformen var eit strukturert intervju. Det vil sei at ein på førehand har temaet, spørsmåla og rekkjefølga på spørsmåla fastlagt på førehand (Christoffersen & Johannessen, 2012, s.79). Eg ville at informantane skulle få spørsmåla på førehand, ettersom at nokre av spørsmåla går på detaljar som kan vere vanskelig å hugse i farta, og dermed ville det vere hensiktsmessig å kunne forberede seg på kva eg kom til å spørje om.

Det første intervjuet vart gjennomført med lærar. Intervjuet forgjekk inne på henna eige kontor som ho delar med 3 andre lærarar, men ingen andre var der og intervjuet forgjekk utan forstyrrelsar. Læraren er lærar på tredje trinn på ein baseskule. Ho er kontaktlærar for trinnet i lag med to andre kontaktlærarar, pluss to faglærarar og assistentar. Dette var det første intervjuet, så eg var usikker på kor lang tid det ville ta. Eg tenkte at det ville ta mellom 15 til 20 minutt. Vi haldt på i 15 minutt, og fekk utfyllande og gode svar frå læraren. I nokre av svara snakka læraren seg vekk frå det originale spørsmålet, og ho kom inn på nokre spørsmål som eg skulle stille etterpå. Eg valte likevel å spørje spørsmålet uansett for å sjå om det var noko meir som kunne utdjupast.

Det andre intervjuet var med eine avdelingsledaren på praksisskulen min. Ho var avdelingsledar for 1. til 4. trinn. Dette intervjuet vart også gjennomført på informantens eige kontor. Denne gongen varte intervjuet i om lag 20 minutt, og det var ingen

forstyrrelser undervegs. Eg ville snakke med nokon i administrasjonen på skulen for å høyre kva dei tenkjer rundt temaet nyankomne minoritetsspråklege elevar, og hadde i utgangspunktet sett meg ut rektoren som intervjuobjekt. Rektoren på skulen anbefalte meg derimot å intervju avdelingsledaren ettersom ho var leder for migrasjonspedagogikken på skulen.

3.2 Reliabilitet

I all forskning er det eit spørsmål om kor pålitelig data er. Dette blir kalla for reliabilitet, som er synonymt med pålitelegheit. Dette går på nøyaktigheten av undersøkelsen, kva slags data som er brukt, kva slags metodar som er brukt og korleis det blir bearbeida (Christoffersen & Johannessen, 2012, s.23). Det er fleire måtar å teste reliabiliteten til data. Ein kan gjere same undersøkelse på fleire utvalte med nokre veker i mellom, og då sjå om ein kjem fram til det same. Ein kan også sjå om andre forskarar har komt fram til det same, og dermed vurdere om det er reliabilitet.

3.3 Validitet

Eit sentralt spørsmål når ein ser på data er kor relevant det er for fenomenet ein skal forske på. Dette heiter validitet, som betyr gyldigheit. Ein ser på om funna er valide for fenomenet som skal undersøkjast. Det er ikkje alltid lett å bestemme om indikatorar er valide eller ei. I nokre tilfeller er det sunn fornuft som tilseier om det er valid eller ikkje. I andre tilfeller bruker ein systematiske validitetstester for å avgjere. Då kan ein for eksempel først observere eit fenomen, og etterpå gi ut eit spørreskjema for dei aktuelle. Dersom det er samsvar mellom observasjonene og spørreskjemaet, vil det vere valid (Christoffersen & Johannessen, 2012, s.24).

4. Analyse og presentasjon av metode

Eg skal analysere det mine intervjuobjekt fortalde under intervjuet. "Å analysere betyr å dele noe opp i biter eller elementer" (Brinkmann & Kvale, 2015, s. 219). Min analytiske tilnærming vil vere at eg høyrer på det intervjuobjekta har å fortelje om arbeidet deira. Vidare vil eg i drøftingsdelen i oppgåva samanlikne deira påstandar frå deira arbeid opp mot teori. Det vil ikkje bli presentert nokre tabellar eller kvantifiserte generaliseringar ut i frå temaet. Resultata vil bli fortald gjennom ein fortolkande tekst med innfletta

kommentarar. I eit ikkje-ledande intervju fortel intervjupersonen ei fortelling om emnet. Derfor kjem meiningane til intervjuobjektet fram som ei fortellande tekst (Brinksmann & Kvale, 2015, s. 267). Desse meiningane og resultata vil bli lagt til grunn når eg skal drøfte i lys av teori.

Når eg no skal presentere funna mine, vil eg referere til informantane på denne måten; Lærer = L, avdelingsleder = A. Eg vil bruke desse forkortelsane når eg skal presentere funna mine. Etter prinsippa til APA-stilen skal lange sitat, over 40 ord, settast i sitt eige avsnitt med innrykk. (Kildekompasset, 2018). Eg vil utforske det L og A har å fortelje, opp mot forskning.

4.1 L

Vi starta å prate litt laust, og snakka om erfaringar rundt minoritetsspråklege elevar. L fortalte kor viktig det er å danne ein sosial gruppe rundt den nyankomne minoritetsspråklege eleven. Det mest fundamentale er å la eleven lære språket gjennom leik med andre.

Det første eg pleier å gjere, er det å bygge ein sosial gruppe rundt barnet. Det å finne nokre trygge elevar som er norsk språklige som kan vise skulen, som kan vise leikar og ta med barnet i leik. Det er alltid det første vi gjer, slik at barnet kan komme inn i naturleg leik, og dermed lære språket. Så det er superviktig å få dei inn i ein gruppe med norske elevar. Sånn at dei kan plukke opp språket på den måten, og det har vore veldig vellykka. Det faglige er vi ikkje så nøye med i byrjinga, det er meir det sosiale, og erfare kva er norsk skule og korleis vi har det her. Rett og slett bruke ungane.

L presiserte kor viktig del det sosiale er, og meiner at dette er det mest hensiktsmessige. L konstaterer derimot også at det å terpe på norske ord, og ha eit spesialopplegg er utslagsgivande.

Eg tenker at nummer ein er sosial setting, slik at dei gjennom naturleg leik kan bli kjend med andre og lære språket. Og så tenker eg at når du skal begynne med det faglege og det å lære norsk, så må du ha nokre rundt dei, sånn at dei ikkje sitter aleine med ein voksen. Då har vi gjerne planlagte leikestasjonar slik at dei kan lære ord og begrep gjennom det. Gjerne leike butikk eller familie, i staden for å sitte å lære elevane eit og eit ord. Og mest mogleg ha dei med i klassen. For ungar lærer veldig fort. Og vi ser at det funkar veldig godt hos oss. Elevane har også norskopplæring der vi har dei grupper, og då har vi det slik at dei er litt i klasserommet, og litt ute der dei øver på begreper og ord. Aller mest læring skjer

når dei prater og leikar med andre barn, men ein må også ha eit spesialopplegg rundt det å skulle lære seg eit nytt språk. Og då har vi egne bøker for dei, der ein går gjennom tema for tema. Eksempel som familien, dyr og skog, altså forskjellige temasider. Eg må også rose morsmåslærerne vi har. Eg ser virkelig nytten av at elevane får jobbe med sitt eie morsmål. Eg tenker at det hjelper godt når dei skal lære seg eit nytt språk, og terpe på sitt eige morsmål.

Eg var veldig interessert om L har prøvd ut nokre metodar som ikkje funka slik ein håpte på. L følte at det som regel funka godt slik dei gjer det, men hadde ein situasjon med ein nyankomen minoritetsspråkleg elev som ikkje gjekk heilt vegen.

Vi hadde ei jente som kom frå Syria, som kunne absolutt ingenting norsk, og foreldra kunne heller ingenting. Dei kunne heller så vidt engelsk. Så då satt vi to andre barn som snakka arabisk sammen med ho, slik at dei sammen kunne lære ho. Men då vart det til at dei kun snakka arabisk sammen. Og etter 3 kvart år såg vi at det gjekk veldig seint framover, og det var veldig lite norsk som gjekk inn. Då vart ho overflytta til ein skule som har spesialopplegg på dei som er nyankomne til Norge (innføringskule). Men det å sette sammen barn som snakker samme språk kan vere ein risiko, fordi ein kan ende opp med at kun dei snakker sammen på sitt morsmål.

L fortalte om problemet med å sikre seg om eleven faktisk lærer seg noko. Det er vanskeleg å vite om eleven sit i klasserommet og ikkje forstår noko, eller om det faktisk blir læring. For L er veldig tydlig på at det er i klasserommet ein lærer best, men å ta ut eleven og lære begreper er viktig også.

Den største utfordringen er å sikre seg at dei lærer seg det dei skal. Det er lett å lære seg 1. språket, men det å lære seg begrep og på ein måte lære seg dybden det tenker eg er utfordringen. Vertfall når du berre har eleven i klassen, då ein avhengige av at nokon kan ta dei ut og øve på spesielle begreper. Og så er jo utfordringen at visst ikkje det sosiale funkar, då er det vanskelig. Fordi dei er så avhengige av å lære språket gjennom sosiale settingar.

L er tydlig veldig opptatt av at det å få den nyankomne minoritetsspråklege eleven inn i ein sosial samanheng er det viktigaste. Barn lærer fort av kvarandre, og plukkar opp ord her og der gjennom å samhandle og kommunisere med kvarandre. Sjølv om L meiner at dette er det viktigaste i byrjinga, blir det presisert at det faglige også har ein stor plass. L seier at elevane må ha eit spesialopplegg der ein terpar på nye ord og begrep. Også morsmålsopplæring har ein viktig plass, der å ha eit godt ordforråd på sitt morsmål støttar opp å lære seg eit nytt.

4.2 A

Som i første intervju, starta vi å snakke litt om erfaringane A har rundt minoritetspråklege elevar. A har jobba som lærar sidan 1994, og har dei siste 8 åra jobba som avdelingsleder. A har mest erfaring rundt minoritetsspråklege elevar på den administrative sida. Det kom fram at A har vore i mange situasjonar der det kjem nyankomne minoritetsspråklege elevar til skulen når det vart spurt om.

Ja, det opplever vi stort sett kvart år (at det kjem nyankomne minoritetsspråklege elevar). No har vi prosedyrar for det. Og då tar vi ein velkomstsamtale med foreldra, gjerne med tolk. Og så er det slik i Bergen kommune at dei på 1. og 2. trinn skal rett inn i klasserommet. For tanken er at små barna lærer best av kvarandre. Og frå 3. trinn til 7. trinn anbefaler vi innføringsklasser. Det vil sei at nokre skular i Bergen kommune har innføringsklasser. Med rett og slett intensiv norskopplæring før ein blir tatt inn i ordinær undervisning. Det skjer vanlegvis etter eit år. Det kan nokre gonger vare opptil 2 år, for ein skal avdekke eventuelle lærevansker på innføringsskulane også. Dei aller fleste foreldre takker ja til innføringsklasser. Dei skjønner at det er hensiktsmessig å la eleven lære seg norsk før ein kjem inn i ordinær undervisning.

Rolla til A når det kjem ein nyankomen minoritetsspråkleg elev er først og fremst at A er med i migrasjonspedagogisk team. Her skal dei kartlegge elevane, og følgje med på om dei lærer dei ein skal etter dei gitte klassetrinna. A trekkjer også fram den viktige jobben morsmåls- og tospråklege lærarar gjer for dei nyankomne minoritetsspråklege elevane.

Alle skular i Bergen kommune har noko som heiter migrasjonspedagogisk team, noko som eg er ein del av. Og det går på at vi følger opp kartlegging på elevane, noko vi gjer kvart år. Det skal inn i eit system som fortel om eleven framleis kvalifiserer for grunnlegande norsk og morsmål eller tospråkleg fagopplæring. Vi passer derfor på om alle lærerane og alle trinn gjer det dei skal gjere for desse elevane. Vi har spredd det migrasjonspedagogiske temaet over på alle trinn, slik at ein har nokon som kjenner elevane godt uansett trinn. I Bergen kommune er det også morsmåloplæring frå 1 klasse til 4, og tospråkleg fagopplæring på mellomtrinnet. Der er tanken meir at den tospråklege læraren skal meir inn i faget, mens dei små kan få morsmåloplæring. For tanken er at du må beherske eige morsmålet for å kunne lære eit nytt språk. Det er stor forskjell på morsmålslærarane også. Nokre er veldig opptatt med å følge det trinnet held på med, medan andre har meir den reine opplæringa. Vi opplever at det er stor forskjell blant morsmålslærarane. Det har blitt meir fokus på morsmålslærarane i

kommunen no. Slik at dei ikkje berre skal komme å hente eleven ut av klassen, men vite kva klassen faktisk held på med. Vi opplever heldigvis at dei fleste er opptatt med å høyre kva klassen held på med, og er flinke å skjekke på nettet kva som skjer i vekeplanen. Problemet er at det kan vere vanskelig å samarbeide med dei, ettersom dei reiser rundt på skule til skule. Men i bunn og grunn meiner eg at dei aller fleste gjer ein super jobb.

A har ikkje så mykje erfaring med kva slags metodar som er mest hensiktsmessige under sjølve undervisninga, ettersom A har ein administrativ rolle. Det blir likevel også i dette intervjuet presisert at det å knytte relasjonar og venneskap er utslagsgivande. Det A derimot trekkjer fram som den største utfordringa er kommunikasjon. Både med sjølve eleven, men også når men skal samarbeide med foreldra.

Ein ting er eleven, det å kommunisere med eit barn som ikkje beherskar norsk. Men også foreldresamarbeidet kan vere utfordrande. Foreldresamarbeidet er kjempeviktig, men det er vanskelig ettersom ein ofte må ha med ein tredjepart for å kunne kommunisere. Det er jo ofte ein tolk. Men det er klart at det for læraren så er det utfordrande at du veit at det sit eit barn på basen din som ikkje forstår språket. Og det er vondt for eleven og det er vondt for læraren. For det gjer noko med deg som lærar å vite det. Det er vanskelig å tilpasse for eleven. Men så ser vi heldigvis at dei små eleven lærer veldig fort. Den dagen dei får vennar og suser rundt i friminuttet, så er mykje gjort. Vi jobber mykje med at eleven skal knytte relasjonar og knytte vensskap.

4.3 Vurdering av metode

Eg vil sjå på informasjonen eg har fått av informantane opp for relabilitet og valtiditet. Når det kjem til relabilitet på eit kvalitativt intervju på to personar, veit ein ikkje om dette er noko andre er einige med. Desse personane kan ha ein heilt anna oppfatning av eit tema enn andre. Det som derimot støtter opp mot relabiliteten i dette eksempelet, er at begge informantane er einige i det meste som blir sagt. Dei nemner dei same moglegheitene ein har, og utfordringane som dukkar opp. Mange av meiningane til informantane blir også verifisert av forskarar. Det vil likevel alltid vere ulike meiningar om eit felt, både blant forskarar og lærarar. Så sjølv om mine informatar er mykje einige, og fleire forskarar seier mykje av det same, vil det alltid vere andre sider av same sak.

Når det kjem til validitet skal ein sjå på informasjonen ein får gjennom metoden, opp mot relevansen for det aktuelle fenomenet. I prosjektet mitt skal eg undersøkje

moglegheiter for å inkludere nyankomne minoritetsspråklege elever inn i skulen. Informantane svarte på akkurat dette. Dei kom med erfaringar for moglegheiter dei sjølv har brukt, og har vore borti. Det vart også fortalt om kva som er skulen si rolle, og kva ein gjer når det kjem ein nyankomen minoritetsspråkleg eleven.

5. Drøfting

I dette kapittelet vil eg drøfte funna mine frå kapittel 4. Desse vil eg drøfte opp mot teori frå kapittel 2. Eg vil drøfte dei ulike metodane, og sjå kva slags metodar som hjelper å inkludere eleven inn i skulekvardagen. Eg vil dele drøftinga opp i ulike underkapittel, slik at eg får drøfte dei ulike side kvar for seg. Eg vil på same måte som i kapittel 4 referere til avdelingsleder som "A", og lærar som "L".

5.1 Innføringsklassar og innføringsskular

A presiserte den viktige rolla innføringstilbodet har for den nyankomne minoritetsspråklege eleven. Det er eit tilbod for elevar som går på 3. Til 7. Trinn. Eleven får her ein intensiv språkopplæring, før ein året etter kjem inn i ein ordinær klasse. Grunnen til at elevar på 1. Og 2. Trinn ikkje får tilbod om innføringsklassar eller innføringsskular i første omgang, er at ein ifølgje A tenkjer at så unge elevar lærer best av kvarandre. I intervjuet med L kom det fram ein episode der L hadde ein nyankomen minoritetsspråkleg elev som sleit med å lære seg det norsk i eit ordinært klasserom. Etter nesten eit år kunne framleis eleven svært lite norsk. Det førte til at ho fekk tilbod om å bli overført til ein innføringsskule for å avdekkje eventuelle lærevanskar. Det viser at om omstendigheitane er til stades, vil innføringstilbodet også vere der for dei yngste elevane.

Innføringstilbodet består av delvis integrerte tilbod, innføringsklasser og innføringsskular (Udir, 2013). Eg vil sjå på nokre styrkar og svakheter med tanke på inkluderinga og læringa til den nyankomne minoritetsspråklege eleven. Det delvise integrerte tilbodet gjer at eleven blir integrert i den ordinære klassen. Ein får ein fagleg og sosial interaksjon i utvalte fag og aktivitetar. Vidare får eleven ein tilrettelagt opplæring i særskilte fag som for eksempel norsk. Dette gjer at eleven er ein del av ein

ordinær klasse, på same tid som ein får ein særskilt tilrettelagt opplæring for å lære majoritetsspråket. Det vil bli ein glidande overgang til ordinær undervisning etter kvart som eleven blir sterkare i majoritetsspråket. Ein svakhet med dette tilbodet er dersom det er få nyankomne minoritetsselevar i klassen, eller på skulen, kan det gjere den enkelte eleven meir sårbar. Ein kan føle seg aleine og annleis, som kan gå ut over både den faglege læringa og inkluderinga (Udir, 2013, side 6).

Innføringsklassar har tilrettelagt opplæring i alle fag. Ein går også i ein eigen klasse, som fremmer sosial trygghet. Dette styrkar den faglege læringa ettersom ein får eit spesialopplegg i alle fag, med fokus på å lære majoritetsspråket. Elevane går også i ein klasse med andre elevar som skal lære seg det nye språket, som kan føre til at ein får ein trygghet gjennom å ikkje føle seg aleine (Udir, 2013, side 6). Ettersom innføringsklassar er lokalisert på ein ordinær skule får ein også gjennom det daglege eit syn på korleis den norske skulekulturen er. Utdanningsdirektoratet anbefaler delvis integrete tilbod og innføringsklassar i staden for innføringskular. Dette fordi ein går på ein ordinær skule, og dermed har lettare for å bli inkludert (Hilt, 2018). Problematikken med innføringsklassar går på at ein er stasjonert i ein så særskilt klasse. Når ein er ein del av ein gruppe som skil seg ut frå alle andre på ein ordinær skule, kan det påverke eleven sin trygghet i forhold til resten av dei norskspråklege elevane.

Innføringskular legger som innføringsklassar opp til tilrettelagt opplæring i alle fag. Det gir eit robust grunnlag for fagleg læring, og norsklæring. Dei nyankomne minoritetsspråklege elevane går på sin eigen skule, som kan gi eit grunnlag for sosial trygghet. Her vil alle på skulen vere i same båt med tanke på at ein er der for å lære det nye språket og styrke kunnskapen sin, før ein blir overført til ein ordinær klasse. Svakheten med innføringskular går for det meste på inkluderinga til eleven med elevar som har eit ordinært tilbod. Det er liten moglegheit for sosial og fagleg interaksjon med norskspråklege elevar. Det er også liten moglegheit for ein glidande overgang, ettersom elevane går på ein skule der det kun er spesialopplæring. Å ha ein eigen skule med tilrettelagt opplæring for nyankomne minoritetsspråklege elevar er også kostnadskrevande i forhold til innføringsklassar og delvis integrete grupper (Udir, 2013, side 6).

5.2 Kommunikasjon

Når den nyankomne minoritetsspråklege eleven kjem til norsk skule, er det betydelig å kommunisere med medelevar og lærarar for lære seg språket. Ein lærer språket gjennom å bruke språket (Demaku, 2018). Då eg intervjuar L kom det fram at det sosiale og kommunikasjon var det L såg på som det mest elementært. For å inkludere eleven i klassen, og hjelpe eleven å kjenne skulen og språket, bygger L ein sosial gruppe rundt eleven. For L meiner at elevar lærer best gjennom leik, og dannar seg då spontane begrep slik at ein kan kommunisere med andre. Desse meiningane støtter professor i pedagogikk Kamil Øzkerk. Han meiner på same måte som L at når barn leikar med andre norskspåklege barn, bygger det opp dei spontane begrepa til eleven. Desse spontane begrepa hjelper svært godt til i bunn når ein skal lære seg akademiske begrep (Demaku, 2018). Ein kan sjå for seg at gjennom å lage ei sosial gruppe til eleven, vil det hjelpe med å bli inkludert. Både gjennom å bli inkludert inn i det sosiale gjennom å få nokre elevar ein kan føle seg trygg på, og gjennom å danne seg eit grunnleggande språk slik at ein skjønner kva som går føre seg i klassen i byrjinga.

Eit problematisk syn med tanken om at nyankomne minoritetsspråklege elevar lærer språket gjennom leik med norskspråklege, er at ein kanskje overlater språkutviklinga til tilfeldigheitane. Dersom ein har tanken om at elevar lærer best av frileik utan vaksne til stades, overlater ein ansvaret for å lære til eleven sjølv (Bergby, 2017). Ein må då leggje til rette for at ikkje ansvaret skal ligge hos eleven sjølv. Som L presiserte, laga L ein sosial gruppe rundt eleven. Då har eleven ein gruppe rundt seg som hjelper med å sosialisere, og som snakkar språket slik at eleven får stimulert det. Ser ein på kva måte eleven blir inkludert i fellesskapet gjennom å bygge ein sosial gruppe, vil det ofte hjelpe. Gjennom å la eleven bli godt kjend med sine medelevar, og lære språk gjennom å kommunisere med dei, hjelper det og på å inkludere eleven til fellesskapet i klassen. Skal ein inkludere eleven, og la eleven utvikle språket sitt på denne måten er ein derimot avhengig av medelevane. Ein må ha ein klasse der elevane har verdiane om at ein skal hjelpe dei nyankomne elevane, og ha enkeltelevar som faktisk utfører dette i praksis.

Ein metode som L har brukt, og meiner eignar seg godt for å lære seg nye begrep for ein nyankomen minoritetsspråkleg elev er planlagde leikestasjonar. Då kan ein for eksempel lage ein butikk i klasserommet, og gi ut ulike roller til elevane. I ein slik

planlagt leikestasjon for den nyankomne minoritetsspråklege eleven, vil ein kommunisere med dei andre elevane innanfor ein ramme, der alle har sin rolle. I ein slik leik får ein bygd begrepa sine gjennom at ein må kjøpe ting, og ein må kommunisere med dei andre elevane på ein lite formell måte. Ein jobbar også med orda som blir brukt mykje i butikken. Ein kan også ha andre stasjonar som fremmer å lære nye begrep som blir mykje brukt. Eksempel som å leike familie, og ha eit opplegg rundt det, legger til grunn for at eleven får lære namna på dei ulike rollene i ein familie. L meiner at om det er mogleg, er dette ein betre måte å lære ord på enn å sitte å lære eit og eit ord aleine med ein lærarar. Dette blir støtta av utdanningsdirektoratet som seier; " Å være aktiv i kommunikasjon med andre, både lærer og medelever, har betydning for å lære andrespråket. Det er sammenheng mellom språklæring og den sosiale situasjonen den skjer i"(Udir, 2015). L vil helst ha den nyankomne minoritetsspråklege eleven mest mogleg i klasserommet, slik at eleven kan lære gjennom å snakke og leike med andre medelevar.

5.3 Morsmålsundervisning

Skal ein lære seg eit nytt språk, må ein først og fremst kunne sitt eige morsmål. A fortalte at i skulen får elevar på 1-4 trinn morsmålsopplæring, medan elevane på mellomtrinnet får tospråkleg opplæring. Tanken er at ein må kunne sitt eige morsmål for å kunne lære seg eit nytt. Kommunikasjon som går føre på eleven sitt eige morsmål, utviklar ferdigheter som har sterk overføringsverdi til eleven sin norskspråklege kompetanse. Faglæring på morsmål gjer at den nyankomne minoritetsspråklege eleven lettare forstår det som står i norskboka, og dei emna som blir gjennomgått i klasserommet har eleven vore innom saman med morsmållærar. Det fører til at ein ordinær fagtime, blir ein effektiv norsktime.

Morsmålsundervisning er ein del av likeverdig opplæring. Det handlar om at ein skal bli behandla ut i frå dei behova ein har. Nyankomne minoritetsspråklege elevar har eit behov for å vidareutvikle sitt eige morsmål slik at ein lettare kan tileigne seg eit nytt språk. Det hjelper til for å danne seg ein betre begrepsbygging og begrepstrening. Likeverdig opplæring er eit sentralt punkt under inkludering. Elevar som ikkje beherskar norsk, antas å lære betre i norsk og andre skulefag dersom ein får opplæring i sitt eige morsmål. Det blir argumentert for at elevar som beherskar sitt eige morsmål,

har betre forutsetningar for å lære seg eit nytt språk enn dei som ikkje gjer det. Dette tar utgangspunkt i prinsippet om tilpassa opplæring, alle elevar skal få ein undervisning som er tilpassa elevens nivå og elevens læringsforutsetningar (Bakken, 2003, s. 5).

”Blant språkforskere er det bred enighet om at barn med begrensede ferdigheter i majoritetsspråket oppnår best resultater dersom de får den grunnleggende opplæringen på morsmålet”(Bakken, 2003, s. 6)

Den amerikanske forskaren Wong Fillmore peikar på at minoritetsspråklege elevar kan starte å preferere majoritetsspråket etterkvart som ein utviklar gode ferdigheter i språket. Dette kan gå på bekostning av sitt eige morsmål. Faren for dette er visst foreldra ikkje har gode ferdigheter i majoritetsspråket, som kan føre til at foreldre og barn ikkje klarer å kommunisere effektivt (Bakken, 2003, side 6). Fillmore ser derfor på morsmålsundervisning som eit viktig verktøy for å blant anna kunne kommunisere effektivt med foreldra. For det motsatte kan føre til at elevane mister ein viktig ressurs heime, som kan komplisere forholdet til skulen.

5.4 Skule- heim samarbeid

”Forskning både fra Norge og andre land viser at foreldrenes engasjement og involvering i barns skolearbeid er svært viktig for barnas motivasjon, interesse og læring”(Nafo, 2011, side 7). Då A fekk spørsmål om kva dei største utfordringane med nyankomne minoritetsspråklege elevar var, trakk A fram kommunikasjon med eleven og med foreldra. A presiserte at samarbeidet mellom skule og heim er kjempeviktig. Det gjer at det er uheldig at kommunikasjon mellom skule og minoritetsspråklege foreldre er ein stor utfordring. For å lage eit godt samarbeid er det viktig å lage rutinar for møter med foreldra, og passe på at skriv som skal til foreldra blir levert og forstått. Ein kan bruke tolkar og tospråklege lærarar under møter for å unngå missforståelsar, og slik at begge partar forstår kvarandre. A fortalte at når det kjem nyankomne minoritetsspråklege elevar til skulen, og A skal ha møter med foreldra gjer dei det same. Dei brukar tolk for å unngå utfordringa med språket, og nokre gonger bruker dei morsmålslærar som tolk.

I den nye generelle læreplanen står det at inkludering skal fremme trivsel, helse, og læring for alle (Udir, 2017). For å oppfylle dette for nyankomne minoritetsspråklege elevar er det betydningsfullt at foreldra til eleven spelar ei viktig rolle og hjelper til. For

å fremme trivesel og bli inkludert er aktivitetar arrangert av skulen ein fin arena. Ein blir kjend med klassekameratane og skulen på ein anna måte enn i ein undervisningssituasjon. Likevel ser ein at minoritetsspråklege elevar er mindre med på slike aktivitetar enn majoritetsspråklege elevar. I ein slik situasjon er det elementært at skulen og heimen jobbar tett, slik at eleven får vere med. Det vil forhåpentlegvis fremme trivsel, som kan vere ein god faktor i læring.

Foreldre som engasjerer seg i skulen, og samarbeida med skulen, har ein positiv innverknad på elevens læring. Etersom nyankomne minoritetsspråklege elevar er ein så stor gruppe, og med ulike føresetnadar og ulik bakgrunn, trenger ein foreldra til å samarbeide. Ein må vite frå foreldra sitt ståstad kva eleven har vore borti av skulegang før, og om det er faktorar ein burde passe på som lærar. Skulen treng derfor foreldra sin kunnskap for å kunne legge til rette best mogleg for den nyankomne minoritetsspråklege eleven. Skal ein danne eit godt læringsmiljø for eleven må ein vite om utgangspunkter og erfaringar til eleven (Nafø, 2011, side 9). For at foreldra skal engasjere seg og danne eit godt grunnlag, er det skulen sjølv som må legge til rette for dette. Ein må sørge for at når ein har møter med foreldra er det ein tolk der, slik at foreldra får ein moglegheit til å uttrykke seg. Skal ein få elevane til å delta på aktivitetar utanom skuletida, må skriv komme til foreldra på ein slik måte at dei forstår kva som blir sagt. Då må det kanskje stå på morsmålet til foreldra, ettersom ein ikkje kan forvente at dei kan majoritetsspråket. Ein kan også ha språkhomogene foreldremøter slik at terskelen for å uttrykke seg blir lågare. Då får foreldra og møte andre foreldre som er i same situasjon, og det vil kanskje føre til at engasjementet blir større (Udir, 2015).

5.5 Tospråkleg opplæring

Fleire undersøkjelsar viser til at elevar som ikkje mestrar majoritetsspråket som blir brukt i undervisning, får eit godt læringsutbytte av undervisning på morsmålet. Opplæringslova gir rett til tospråkleg opplæring for minoritetsspråklege elevar gjennom tilbodet av tilpassa opplæring (Fjeld, Spernes, 2015). A fortalte at ein brukar morsmålsopplæring for elevane på 1. til 4. Trinn, og tospråkleg opplæring på mellomtrinnet. Hensikta med tospråkleg opplæring skal ifølgje A vere at opplæringa skal vere meir retta mot sjølve faget. Den tospråklege opplæringa skal altså gå på dei

temaene som resten av klassen har undervisning i. Berre at den minoritetsspråklege eleven også får opplæringa på sitt eige morsmål.

Som nemnt i teorien skal tospråkleg opplæring organiserast på og i to språk (Øzerk, 2003). Når eleven får opplæring både på og i to språk, kan ein tenkje seg at ein sikrar seg sterkare at eleven faktisk skjønner det ein går gjennom. Eleven øver seg på både morsmålet og majoritetsspråket gjennom å ha undervisning av ein lærar som beherskar begge språk, og får då undervisninga på begge språka. Denne forma for undervisning sikrar eleven inkludering i den form av tilpassa opplæring. Inkludering skal sikre læring for alle, og tospråkleg opplæring er ein form for tilpassa opplæring. ”Prinsippet om tilpasset opplæring er grunnleggende i all utdanning og skal ta hensyn til alle elevers språklige og kulturelle bakgrunn, også minoritetslever (St.meld. 25 1998–99)” (Bjelland, 2005).

Tospråkleg opplæring legger grunnlaget for at den nyankomne minoritetsspråklege eleven har eit godt morsmål, på same måte som i morsmålsundervisning. Denne opplæringa er annleis bygd opp enn morsmålsundervisning, men blir brukt for same grunn. Tanken om at elevar som har eit velutvikla morsmål, har betre forutsetningar for å lære seg eit andrespråk (Bakken, 2003, s. 6). Den nyankomne minoritetsspråklege eleven får altså ein morsmålsundervisning som er meir retta inn mot faget. Slik sett får ein styrka den faglege læringa til eleven, på same tid som eleven får oppretthaldt sitt eige morsmål.

6. Avslutning

Eg har i mi forskingsoppgåve sett nærmare på problemstillinga; korleis skal ein inkludere nyankomne minoritetsspråklege elevar i skulen, og best mogleg legge til rette for å lære seg norsk? For å legge til rette for at nyankomne minoritetsspråklege skal lære seg norsk, er det mange metodar og mange komponentar ein må legge til grunn. Dette er ein gruppe av svært forskjellige elevar, og alle lærer på ulike måtar.

Læraren si rolle for å inkludere og legge til rette for læring av norsk er svært avgjerande. Læraren sitt arbeid i møte med nyankomne minoritetsspråklege elevar er krevande, og

dei riktige tiltaka må settast i gang. Eg har fokusert spesielt på fem ulike tiltak eller metodar som er viktige. Desse er kommunikasjon, skule-heim samarbeid, innføringstilbodet, morsmålsundervisning og tospråkleg opplæring. Eg meiner at alle er viktige på sin måte, og at for å inkludere eleven og lære eleven norsk må alle tiltaka fungere.

Under mine intervju med lærar og avdelingsleder har alle desse tiltaka og metodane blitt nemnt og dei har fortalt deira meiningar om tiltaka. Læraren som er med dei nyankomne elevane i klasserommet var spesielt begeistra for å lage ein sosial gruppe rundt eleven. Læraren meinte at gjennom det sosiale ville kommunikasjonen dukke opp, og det er ein av dei viktigaste tiltaka for å inkludere eleven og la eleven lære seg norsk. Avdelingslederen fortalte at ho ikkje var så ofte i klasseromma, så ho fortalte om tiltak ho meinte var mest viktig frå sin side i administrasjonen. Avdelingslederen trakk spesielt fram samarbeidet mellom skule og heim, og rolla til morsmåls- og dei tospråklege lærarane. Gjennom å ha eit godt samarbeid med foreldra, vil det kunne styrke motivasjonen til eleven for å bli inkludert og lære det nye språket. Og gjennom å styrke sitt eige morsmål, vil ein ha eit sterkare grunnlag for å lære seg eit nytt språk.

Mine egne meiningar etter å ha jobba med dette forskingsprosjektet er at å inkludere og lære nyankomne elevar norsk er ein utfordrande oppgåve, men veldig viktig og mogleg. Etter å lest mykje forskning og intervju personar som møter desse elevane dagleg, har eg danna meg fleire meiningar. Eg tenkjer at for å inkludere den nyankomne minoritetsspråklege eleven inn i klassen, er det å hjelpe eleven til å danne vennskap viktig. Då får eleven moglegheit til å danne kvardagsspråket sitt gjennom kommunikasjon, som er eit godt grunnlag for fagleg læring, og å lære seg majoritetsspråket. Eg ser og den svært betydningsfulle rolla morsmåls- og tospråkleg undervisning har. Det er ein stor del av tilpassa opplæring som sikrar eleven ein undervisning tilpassa den enkelte sitt behov. Morsmålet til eleven blir også styrka, som har blitt vist er grunnleggande for å danne seg eit sterkt andrespråk. For å lære den nyankomne minoritetsspråklege eleven norsk, og bli inkludert bør ein ha kunnskap om kva slags tiltak som bør bli tatt i bruk, og tilpassa dette opp mot den enkelte elev.

Litteraturliste

- Bakken, A (2007) *Virksomheter av tilpasset språkopplæring for minoritetsspråklige* (Nova rapport 10/07) Henta 13.03.19 frå: http://www.hioa.no/eng/content/download/47017/682589/file/2646_1.pdf
- Bakken, A (2003) Morsmålsundervisning og skoleprestasjoner. *Tidsskrift for ungdomsforskning* 3 (1), s. 3-23
- Bergby, M. F. (3. Januar. 2017) *Pedagogens viktige rolle i barns språktilegnelse*. Henta 23.02.19 frå: <https://www.barnehage.no/artikler/pedagogens-viktige-rolle-i-barns-spraktilegnelse/428828>
- Bjelland, C. (2005) Tospråklig opplæring – inkludering eller ekskludering. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 89.
- Brinkmann, B. & Kvale, S. (2015) *det kvalitative forskningsintervju* (3. Utgave). Oslo: Gyldendal
- Christoffersen, L & Johannessen A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt forlag
- Demaku, B.P. (24. Mai. 2018) Å få vere med i leken når du ikke snakker språket, er ingen selvfølge. Henta 23.02.19 frå: <https://www.barnehage.no/artikler/a-fa-vaere-med-i-leken-nar-du-ikke-snakker-spraket-er-ingen-selvfolge/438146>
- Fjeld, H. S. & Spernes, K. (2015) Ingen jevnbyrdighet tross gode intensjoner – Vilkår for samarbeid mellom klasselærere og tospråklige lærere. *Norsk Pedagogisk Tidsskrift* 99 (7)
- Hauge, A. (2014) *Den felleskulturelle skolen*. Oslo: Universitetsforlaget
- Hilt, T. L. (2018, 27. November) *Hvordan bedre undervisningssituasjonen for nyankomne minoritetsspråklige elever*. Henta 16.01.19 frå: <https://www.utdanningsnytt.no/spesialpedagogikk/fagartikler/2018/hvordan-bedre-undervisningssituasjonen-for-nyankomne-minoritetsspraklige-elever/>
- Hofslundsengen, H. (2011, 20. Juli). *Minoritetsspråklige elever i skolen*. Henta 27.02.19 frå: <https://utdanningsforskning.no/artikler/minoritetsspraklige-elever-i-skolen/>
- Kildekompasset. (2018. 02. Mai) *APA FAQ*. Henta 09.04.19 frå: <http://kildekompasset.no/apa-faq.aspx#0>
- Krumsvik, R. J. (2011) *Elevmangfold i skolen 1-7*. Oslo: Høyskoleforlaget

Kunnskapsdepartementet. (2017) *Overordnet del - verdier og prinsipper for grunnopplæringen*. Henta 27.04.19 frå: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/overordnet-del/prinsipper-for-skolens-praksis/inkluderende-laringsmiljo/>

Melby-Lervåg, Monica & Lervåg, Arne (2011). Hvilken betydning har morsmålsferdigheter for utviklingen av leseforståelse og dets underliggende komponenter på andrespråket? En oppsummering av empirisk forskning. *Norsk Pedagogisk Tidsskrift* 95 (5), s. 330–341

Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (2011) *Hjem-skolesamarbeid*. Henta 04.05.19 frå: https://www.bergen.kommune.no/bk/multimedia/archive/00126/Hjem-skolesamarbeid_126882a.PDF

Utdanningsdirektoratet. (2015, 8. September). *Tilpasset opplæring – inkludering og fellesskap*. Henta 09.02.19 frå: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/tilpasset-opplaring/inkludering-og-fellesskap/>

Utdanningsdirektoratet. (2015, 8. September). *Tilpasset opplæring og minoritetsspråklige elever*. Henta 30.04.19 frå: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/tilpasset-opplaring/minoritetsspraklige/>

Utdanningsdirektoratet. (2012, 8. Juli). *Innføringstilbud til nyankomne minoritetsspråklige elever*. Henta 11.05.19 frå: https://www.udir.no/globalassets/upload/lov_regelverk/veiledere/veileder_innforings_tilbud_020712.pdf

Utdanningsdirektoratet. (2015, 7. September) *Grunnleggende norsk for språklige minoriteter – veiledning til læreplan*. Henta 11.03.19 frå: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/veiledning-til-lp/grunnleggende-norsk-for-spraklige-minoriteter/3-idebank/samarbeid-skole---hjem/>

Utdanningsdirektoratet. (2013, 2. September) *Innføringstilbud til minoritetsspråklige elever*. Henta 11.05.19 frå: <https://www.udir.no/tall-og-forskning/finnforskning/rapporter/Innforingstilbud-til-minoritetsspraklige-elever/>

Utdanningsdirektoratet. (2013, juni) *Kartlegging av innføringstilbud til elever som kommer til norge i ungdomsskolealder og som har få års skolegang før ankomst*. Henta 13.05.19 frå: https://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/rapporter/2013/kartlegging-av-innforingstilbud_sluttrapport.pdf

Vedlegg 1

Intervjuguide

Informasjon til Avdelingsleiar og lærar. I bacheloroppgåva mi vil eg sjå på korleis vi skal få nyinnflytta minoritetsspråklege elevar til bli inkludert og korleis dei kan lære majoritetsspråket hurtigast mogleg. Med dette intervjuet ønskjer eg å få eit innblikk i kva dykk tenkjer om ulike metodar, og kva dykk sjølv gjer i ein slik situasjon.

Intervjuet vil bli tatt opp slik at eg kan transkribere det i etterkant. De vil få tilsendt intervjuet slik at dykk kan sjå kva som vil bli spurt om i intervjuet. Intervjuet vil også bli anonymisert. Det er kun eg som vil ha tilgang på intervjuet, medan min veileder vil sjå den transkriberte delen i etterkant. Når bacheloroppgåva er levert, vil eg slette lydopptaket.

Spørsmål til lærar

Erfaringar:

Kor lenge har du jobba som lærar?

Har du komt i mange situasjonar der det har komt nye elevar som ikkje mestrar majoritetsspråket?

Metode – framgangsmåte

Har dykk nokre faste retningslinjer på skulen for kva ein gjer når det kjem ein nyankomen minoritetsspråkleg elev? Korleis vurderar du desse metodane?

Kva er dei første tiltaka ein set i gang når det kjem ein minoritetsspråkleg elev til klassen som ikkje kan majoritetsspråket?

Kva metodar meiner du er mest hensiksmessig?

Har du brukt metodar som ikkje fungerte til sitt føremål? Evtuelt kva tenkjer du var grunnen til at det ikkje funka?

Kva ser du på som dei største utfordringane når det kjem ein minoritetsspråkleg elev til klassen?

Kva er dei største utfordringane ein møter i samarbeid med minoritetsspråklege foreldre?

Spørsmål til avdelingsleiar.

Erfaringar:

Kor lenge har du hatt stillinga som avdelingsleiar/lærer?

Har det vore mange situasjonar på denne skulen der det har komt minoritetsspråklege elevar som ikkje beherskar majoritetsspråket?

Metode – framgangsmåte

Har dykk nokre faste retningslinjer på kva ein gjer når det kjem ein ny minoritetsspråkleg elev til skulen?

Kva er rolla di når det kjem ein ny minoritetsspråkleg elev til skulen?

Har du erfaringar med nokre metodar som funkar godt? Kvifor meiner du eventuelt at det fungerer?

Har du brukt metodar som ikkje fungerte til sitt føremål? Evtuelt kva tenkjer du var grunnen til at det ikkje funka?

Kva meiner du er dei største utfordringane ein møter på når det kjem ein minoritetsspråkleg elev til skulen?

Kva er dei største utfordringane ein møter i samarbeid med minoritetsspråklege foreldre?

Vedlegg 2

Samtykkjeerklæring

Vil du delta i forskningsprosjektet "Minoritetsspråklege elevar i skulen"

Dette er et spørsmål til deg om å delta i et forskningsprosjekt hvor formålet er å undersøke metodar ein kan ta i bruk for å inkludere nyankomne minoritetsspråklege elevar i skulen. I dette skrivet gir vi deg informasjon om målene for prosjektet og hva deltakelse vil innebære for deg.

Formål

Informasjon til lærarar og rektor. I bacheloroppgåva mi vil eg sjå på korleis vi skal få nyinnflytta minoritetsspråklege elevar til å få ein meningsfull undervisning hurigast mogleg. Med dette intervjuet ønskjer eg å få eit innblikk i kva dykk tenkjer om ulike metodar, og kva dykk sjølv gjer i ein slik situasjon.

Hvem er ansvarlig for forskningsprosjektet?

Høgskulen på vestlandet / institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag ved Siv Kristin Yndestad Borgen, høgskulelektor.

Hvorfor får du spørsmål om å delta?

Eg skal forske på på kva medodar som blir brukt, og kva medodar som funkar når det kjem nyinnflytta minoritetsspråklege elevar til ein skule. For å kunne forske på dette, vil det vere behjelpeleg å intervjuje både rektor og lærarar.

Hva innebærer det for deg å delta?

Metoden eg kjem til å bruke er eit individuelt intervju. Spørsmåla kjem til å bli sendt på førehand, slik at du kan gjere deg nokre tankar om det på førehand. Spørsmåla vil fungere som ein slags mal, så dette vil vere eit strukturert intervju. Med dette intervjuet ønsker eg å få eit innblikk i kva dei som blir intervjuet tenkjer om metoder som kan bli tatt I bruk for å inkludere nyankomne minoritetsspråklege elevar i skulen.

Intervjuet vil bli tatt slik at eg kan transkribere dette nøyaktig i etterkant. Intervjuet kjem til å bli anonymisert. Hverken navn eller skule kjem til å bli nevnt i min oppgåve. Det er kun eg som vil ha tilgang på intervjuet, min veileder vil også sjå på den transkriberte delen i etterkant. Når oppgåva er levert vil jeg slette lydopptaket. Konsekvensene av å delta er at svarene som blir gitt kan bli offentleggjort, men du vil fortsatt bli haldt anonym. Den som blir intervjuet kan når som helst velge å trekke seg fra intervjuet. Om vedkommende blir intervjuet, men angrer på sin deltakelse i etterkant, vil eg slette intervjuet og ikkje bruke noko av datamaterialet. Intervjuet vil ta 15 til 30 minutter.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Hvis du velger å delta, kan du når som helst trekke samtykke tilbake uten å oppgi noen grunn. Alle opplysninger om deg vil da bli anonymisert. Det vil ikke ha noen negative konsekvenser for deg hvis du ikke vil delta eller senere velger å trekke deg.

Ditt personvern – hvordan vi oppbevarer og bruker dine opplysninger

Personvernet ditt som informant vil vere ivaretatt gjennom at alt er anonymt. Verken namn på intervjuobjekt, skule, eller eventuelle nevnte personar vil bli tatt med. Opplysningar som skulle komme på lydopptaket vil bli sletta i det bacheloroppgåva er levert, då heile lydopptaket vil bli sletta.

Hva skjer med opplysningene dine når vi avslutter forskningsprosjektet?

Prosjektet skal etter planen avsluttes 01.06.19. Når prosjektet avsluttast vil alle lydopptak slettast.

Dine rettigheter

Så lenge du kan identifiseres i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i hvilke personopplysninger som er registrert om deg,
- å få rettet personopplysninger om deg,
- få slettet personopplysninger om deg,

- få utlevert en kopi av dine personopplysninger (dataportabilitet), og
- å sende klage til personvernombudet eller Datatilsynet om behandlingen av dine personopplysninger.

Hva gir oss rett til å behandle personopplysninger om deg?

Vi behandler opplysninger om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag fra Høgskulen på vestlandet, avdeling Bergen har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlingen av personopplysninger i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Hvor kan jeg finne ut mer?

Hvis du har spørsmål til studien, eller ønsker å benytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- Høgskulen på vestlandet, avdeling Bergen ved Siv Kristin Yndestad Borgen, Siv.Kristin.Yndestad.Borgen@hvl.no
- Vårt personvernombud: personvernombud@hvl.no
- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på epost (personverntjenester@nsd.no) eller telefon: 55 58 21 17.

Med vennlig hilsen

Prosjektansvarlig
(Forsker/veileder)

Eventuelt student

Samtykkeerklæring

Jeg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet Minoritetsspråklege elevar i skulen, og har fått anledning til å stille spørsmål. Jeg samtykker til:

- å delta i intervju

Jeg samtykker til at mine opplysninger behandles frem til prosjektet er avsluttet, ca. 1. Juni 2019.

(Signert av prosjektdeltaker, dato)

Vedlegg 3

Godkjenning av NSD (Norsk senter for forskningsdata AS)

NSD sin vurdering

Prosjekttittel

Minoritetslevar i skulen.

Referansenummer

705467

Registrert

21.02.2019 av Daniel Bauge - 180808@stud.hvl.no

Behandlingsansvarlig institusjon

Høgskulen på Vestlandet / Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett / Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat)

Siv Kristin Yndestad Borgen, siv.kristin.yndestad.borgen@hvl.no, tlf: 55585755

Type prosjekt

Studentprosjekt, bachelorstudium

Kontaktinformasjon, student

Daniel Bauge, d.bauge@outlook.com, tlf: 94787031

Prosjektperiode

01.01.2019 - 01.06.2019

Status

26.04.2019 - Vurdert